

Prosjektskildring for [NAMN PÅ PROSJEKTET]

1. Søkjar:

[namnet til det laget/organisasjonen som søker, eventuelle samarbeidspartnarar i prosjektet, kontaktperson for søknaden og adresse/ epost/ telefon til denne, slik at ein får tak i rette vedkomande i tilfelle ein har spørsmål eller merknader til søknaden]

2. KORT prosjektskildring

[KORT med store bokstavar tyder at du skriv kortast mogleg, og MAX 4-5 liner, om KVA DU VIL HA PENGAR TIL. Hugs at her skal du berre skildre tiltaket, ikkje argumentere for det. Om du har mykje på hjartet om historie, kva som er så flott med tiltaket eller kor populært det er – så spar det til punkt 4!]

3. Nøkkeltal

[det er særleg to tal som er relevante: kor mykje er TOTALSUMMEN for tiltaket – og kor mykje er SØKNADSSUMMEN. Tal på kor mange menneske som får nytte glede av tiltaket, og kor mykje av totalsummen de legg i bordet (evt. tener i løpet av prosjektet) sjølve, er det òg lurt å ta med. Men ikkje ta med for mykje – vis heller til eit vedlagt budsjett om det er meir enn 4-5 punkt!]

4. utfyllande skildring

[her treng ein ikkje like stram struktur på teksten, så no kan du gjerne fortelje meir om bakgrunnen, føremåla, tidlegare suksessar, kompetanse eller økonomi i organisasjonen, kvifor ein vil gjennomføre tiltaket, kven og kor mange som vil få glede av det, osv. osv. For Sparebankstiftinga (og mange andre støtteinstansar) er det eit særleg viktig poeng å få fram her kva konsekvenser gåva/tiltaket får/kan få på sikt, altså kva varige verdiar ein har moglegheit til å skape gjennom gåva.

Sparebankstiftinga set òg krav til at ein syner kva eit eventuelt overskot skal nyttast til dersom søkjaren er ei bedrift eller føremålet har preg av næringsverksemd.]

Litt om kva ein IKKJE skal ta med i ei prosjektskildring:

Det er ikkje relevant for Sparebankstiftinga om de er kunder i Sparebanken Sogn og Fjordane. Sjølv om gåvepengane kjem frå bankdrifta, så driv ikkje stiftinga bankverksemd, slik at stiftinga gir gåver basert utelukkande på kor gode prosjekta og føremåla er.

Sparebankstiftinga driv heller ikkje med sponsing, og har faktisk ikkje lov til å krevje tenester attende for gåvetildelingane. Det einaste vi krevjer, er at du rapporterer for bruken av pengane etter at prosjektet er gjennomført. (Det kan rett nok hende at vi spør om de t.d. har lyst på ein plakett for å syne korleis noko vart finansiert, men då er det heilt frivillig om ein ønskjer dette.) Ønskjer de eit sponsorsamarbeid kor de tilbyr profilering mot pengar/tenester, må de kontakte marknadsavdelinga i Sparebanken Sogn og Fjordane om dette.